

Etter festen kjem testen

Konsesjonsrunde 1 på norsk sokkel blei utlyst i april 1965. Dermed kan ein markere 50-årsjubileet for norsk olje og gass i desse dagar. Midtvegs i levetida har verksemda vest i havet sett djupe spor, ikkje berre i statistikken, men og i den opplevde utviklinga i store delar av Fastlands-Noreg.

Den økonomiske faglitteraturen har stundom problematisert rikdom med opphav i naturressursar, og spesielt oljeinntekter. Ressursrikdom kan reise særlege utfordringar knytt til vekst og velstand for land som i utgangspunktet er fattige, der den politiske makta er konsentrert og samfunnsinstitusjonane er svake.

Men sjølv velutvikla vestlege demokratiske statar kan syne uheldige symptom som følgje av uventa rikdom. Overforbruk av store gassinntekter gav til dømes svekka konkurransevne og tap av industriarbeidsplassar i Nederland på 1960-talet. Symptom-biletet blei seinare kjent som Hollandsk sjuke, og har sidan blitt eit symbol på det ein vil unngå i den norske forvaltninga av olje- og gassinntektene.

Hollandsk sjuke er på sett og vis eit resultat av at uventa rikdom får folk og føretak til å fare fram på eit vis som ikkje kan vare. I forvaltninga av ressursinntekter blir kunsten dermed å få folk til å te seg som om rikdommen ikkje fanst. Det er lettare sagt enn gjort. Med oljefondsmekanismen og handlingsregelen har ein lykkast eit stykke på veg når det gjeld politikarane sin omgang med olje- og gassinntekter over statsbudsjettet.

Eit anna sett av verknadar har vore vanskelegare å tygle. Oppsvinget på norsk sokkel har nemleg skapt eit kraftig sug frå olje- og gassnæringa etter varer, tenester og arbeidskraft frå fastlandsøkonomien. Alt frå 1970-talet har næringspolitikken sikta mot utvikling av ei eiga norsk leverandørnæring for å legge til rette for industrielle og aktivitetmessige ringverknadar frå olje- og gassutvinninga på norsk sokkel.

Svingingar i aktiviteten på norsk sokkel har dermed skapt bølger langt inn i fastlandsøkonomien. Spesielt dei siste 10 åra har ei vedvarande auke i oljeprisen løfta

oljeinvesteringane til rekordnivå både heime og ute. Resultatet var lenge rekordhøg vekst i aktivitet, sysselsetting og kostnader for alle som leverer til olje- og gassnæringa i Noreg og internasjonalt.

På same tid har politikarane mangla både evne og vilje til å slå ned farten på norsk sokkel før det i realiteten var for seint. Her har finansmarknaden vore viktigare, med aukande påtrykk for å bremse kostnadsutvikling og kapitalbruk i olje- og gassnæringa allereie for to år sidan.

Halveringa av oljeprisen gjennom det siste halvåret har lagt stein til børa, med utsikter til stagnasjon i aktiviteten på norsk sokkel dei nærmaste åra, og med langt svakare vekstimpulsar til fastlandsøkonomien enn me har vore vane med sidan årtusenskiftet.

Symptoma knytt til hollandsk sjuke er sjeldan særleg påtrengande i medgangstider. Dei største utfordringane knytt til overforbruk og konkurransevne kjem til overflata først når reverseringa sett inn, når olje- og gassverksemda går frå å være ein vekstmotor til å bli ein bremsekloss for resten av økonomien. Mykje tydar på at dette er den nye normalsituasjonen for Noreg.

Åra framfor oss ser ut til å bli annleis enn åra bak oss, med svakare utsikter for norsk sokkel og med omstilling i horisonten. No kjem dermed testen på om forvaltningsmodellen for olje- og gassinntektene er god nok, på om vernebuinga mot omstilling er på plass, på om norsk økonomi er rusta til å tåle ei utflating i verksemda me har levd så høgt på dei siste 15-50 åra.

Om utfordringar og utsikter for norsk økonomi i lys av det siste oljeprisfallet stridast sjølv dei lærde. Denne utgåva av *Samfunnsøkonomen* bringer fem tekstar om temaet som heller ikkje er samstemte. Ikkje desto mindre er opplyst meiningsbryting viktig for utviklinga av innsikt. Berre slik kan ein betre forståinga av oljeverksemd og ressursrikdom, og møte framtida deretter.

Klaus Mohn